



**Avdeling for Strategi og næring**

Arkivsak      200910336-3  
Arkivnr.      313  
Saksh.      Døskeland, Inge

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Fylkesutvalet	18.11.2009 - 19.11.2009

---

## **HØRING AV FORSKRIFT OM KAPASITETSØKNING I LAKSE- OG ØRRETOPPDRETT I 2010**

---

### **SAMANDRAG**

Fiskeri- og kystdepartementet tar sikte på å gi tilbod om å auke maksimal tillatt biomasse (MTB) på løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure med 5 prosent i 2010 – med unnatak av enkelte kyst- og fjordområde der dette ikkje vert sett som miljømessig bærekraftig. I Hordaland utgjer dette området for vurdert manglande bærekraft, saman med området gitt i ”Hardangerfjordforskrifta”, størstedelen av fylket (Vedlegg 1). Innan denne sona vert det heller ikkje tillatt å klarere, melde samlokalisering eller utvide lokalitetar.

Høyringsfristen er sett til 1. desember 2009.

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

- 1| Hordaland fylkeskommune er positiv til at det vert opna for ei forsiktig vekst innan oppdrett av laks og aure
- 2 Hordaland fylkeskommune meiner at dei produksjonsmessige avgrensingane som ligg i forslaget må vere av midlertidig karakter inn til meir detaljert kartlegging av miljøtilpassing av oppdrett i fylket ligg føre
- 3 Det er ønskjeleg at fylkeskommunen, som konsesjons- og forvalningsorgan for tildeling av løyve og auka MTB, vert trekt inn som part i førebuande vurderingar for oppretting av ”fryssoner” for oppdrett
- 4 Enkelte område innafor sona som er foreslått i vedlegg 1 har høg utnytting til oppdrett, mens andre er meir ekstensivt drive. Hordaland fylkeskommune ynskjer at område for tildeling i forskrifta vert vurdert på eit meir detaljert og lågare geografisk nivå.
- 5 Hordaland fylkeskommune ynskjer at det vert nytta meir ressursar for utvikling av betre kunnskapsbaserte verktøy og data for berekraftig lokalisering av oppdrett. Vidare at dette vert grunnlag for framtidig soneinndeling
- 6 Hordaland fylkeskommune ynskjer at etableringa av sona ikkje skal vere til hinder for miljøtilpassingar i regi av næringa i samband med å redusere sjukdom (PD) og lakselusproblem

- 7 Hordaland fylkeskommune ynskjer at heile eller delar av vederlaget for løyve til auka produksjon skal tilfalle fylkeskommunen for utvikling av kunnskapsbasert bærekraftig oppdrettsforvaltning

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg:

1. Kartvedlegg ”Område utan kapasitetsauke (MTB)”
2. Høyringsbrev, forskrift (2 stk)

## FYLKESRÅDMANNEN, 07.11.2009:

### 1. Bakgrunn

Føremålet med forskrifa er å opne for 5% produksjonsauke i eksisterande løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i område der dette vert sett som miljømessig forsvarleg. Miljømessig forsvarleg i denne forskriften er oppdrettslokalitetar utanfor områda som vist i kartet i vedlegg 1, og som er omtalt i tekstuform i forskriften. Fylkeskommunen i det fylket løyvet er heimehøyrande skal handsame søknaden og fatte vedtak. Fiskeridirektoratet er klageinstans. Fylkeskommunane skal vidare stå for kunngjøringa av tilboden. Tilboden om å søke om utviding av maksimalt tillatt biomasse (MTB) skal skje mot vederlag til staten.

Forskrifta gjør i tillegg generelle avgrensingar for følgjande aktivitetar i og inn til områda som er vist i vedlegg 1:

- klarering og utviding av lokalitetar
- melding om samlokalisering

Forskrifta gjeld ikkje løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn til særlige føremål. Døme på særlege føremål er skulekonsesjonar, visningskonsesjonar, fiskeparkar, slaktemerdar med meir.

Dersom det er naudsynt eller klart fordelaktig med omsyn til miljømessig bærekraft, kan det likevel gjerast unntak om lokalisering innan området som er vist i vedlegg 1.

Frist for innlevering av søknad er seinast 1. juli 2010. Søknadsfristen kan ikkje lengjast.

Vederlag til staten for utviding av løyve er 150 000 kroner i Finnmark og 500 000 kroner i resten av landet.

Søknaden skal som nemnd over ikkje verte innvilga dersom løyvet er knytt til oppdrettslokalitetar innanfor området som vist i vedlegg 1. Søknaden skal likevel ikkje avslåas dersom det innan fristutløpet er søkt om ny lokalitet utanfor områda i vedlegg 1, og løyvet er planlagt knytt til denne lokaliteten.

### 2. Drøfting

Det er ei god marknadssituasjon for laks og aure. Den høge verdiskapinga innan oppdrett har vore upåverka av seinare tids generelle finansuro som har råka andre sektorar. Næringa er ei berebjelke for busetting og sysselsetting i mange utsette lokalsamfunn i fylket. Ei moderat vekst i form av ei 5% auke i maksimalt tillatt biomasse - MTB (omlag 3% vekst i produksjon) er difor velkommen i eit utviklingsperspektiv, og for å kompensere generell nedgang i andre bransjar. Den totale salsverdien av laks og aure i Hordaland var i 2008 omlag 2,9 milliardar kr.

Oppdrettsnæringa har mange stader i landet alvorlege fellesutfordringar knytt til miljø. Mellom anna gjeld det resistens mot lusebehandling og rømming. Departementet har difor i denne sakavurderinga vurdert at størstedelen av Hordaland ikkje kan ta del i den generelle veksten (Vedlegg 1). Denne vurderinga vart gjort i samråd med fleire kunnskaps- og forvaltningsinstitusjonar, og i form av bestillingar frå Departementet unntake offentligheit 4. juni 2009 og 24. august 2009. I samband med denne høyringa er dette avgjerdsgrunnlaget no offentleg (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fkd/aktuelt/nyheter/2009/innsyn.html?id=581923>).

Ut frå dei tilgjengelege vurderingsdokumenta frå Fiskeridirektoratet, Havforskingssinstituttet, SFT og Veterinærinstituttet, er det signal om at det er naudsynt med høgare kunnskapsnivå, auka kunnskapsgenerering og vurdering på meir spesifikt lågare geografisk nivå. Det er og i høve til nokre vurderingsparametre rekna at produksjonen ikkje bør aukast i Noreg i det heile, eller at Hordaland fylke er overbelasta. Det er klart at vurderingane i nokre tilfelle er knytt til storregionar og synleggjort i form av ei enkel matrise for genetiske interaksjonar/rømming, forureining og utslepp, sjukdom og parasittar og arealbruk.

Det er ønskjeleg at meir ressursar vert nytta til spesifikk forsking for å identifisere dei mest kostnadseffektive miljøtiltaka. Vidare at desse vurderingane vert gjort på eit geografisk nivå som fangar opp lokalitetsstruktur og miljøinformasjon i meir detalj. Døme kan vere etablering av grunnlagsdata, straumkartlegging og utvikling av informasjonsverktøy for å identifisere best moglege lokalitetar. Slike vurderingar og forskingsprogram vil føre til meir føreseielege konkurransevilkår og produksjon basert på regional bereevne. Ein kan forvente at når ein såpass marginal produksjonsauke som 5% MTB vert vurdert som miljømessig uforsvarleg i størstedelen av fylket, at det då bør nyttast omfattande ressursar for å grundig kartlegge tilhøva spesifikt i Hordaland. I denne samanhengen er det naturleg at heile eller deler av inntekta frå salet av kapasitetsauka går til fylkeskommunen for utvikling av kunnskapsbasert bærekraftig oppdrettsforvaltning.

Næringa i fylket er godt i gang med prosesser i høve til Pancreas disease (PD) og lakselus som kan gje ei miljømessig betre lokalitetsstruktur med omsyn til brakkledding, sonering, samlokalisering og "branngater". Denne omstruktureringa er avhengig av fleksibilitet for flytting og etablering av nye lokalitetar. Denne forskrifa bør ikkje være til hinder for miljøtilpassing gjort i regi av næringa.

Inn til denne forskinga og kartlegginga er utført, kunnskapsgrunnlaget er meir utvikla, meiner fylkeskommyunen MTB bremsinga må ha midlertidig karakter.